



Den norske kyrkja

Jondal SOKNERÅD

Referat frå soknerådsmøte nr. 3 28.05.24, klokka 18.00

Desse møtte : Maria E. Sørheim, Trygve B. Myrlid, Ingebjørg P. Grøtt, Rannveig Hammer (varamedlem) og Eli G. Torsnes

Forfall: Sveinung Toreid, Ida Sofie Holmen, Silje- Margrete Fjærtøft

Frå staben: Anne Karin Stormyr

Arne Opsahl-Engen var i møte med Utne sokneråd.

Saksliste

Sak 16/2024 Godkjenning av saksliste og innkalling.

Saklista og innkallinga vart godkjent.

Sak 17/2024 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte nr. 2, 06.03.24

Referatet vart godkjent.

Sak 18/2024 Revidering av plan for kyrkjemusikk, Jondal sokn- saman med kantor

Kantor gjekk gjennom framlegget til revidert plan. Framlegget vart godkjent med nokre endringar. Kantor legg den reviderte planen ut på nettsida til Jondal kyrkje under sida "Om oss".

I samband med denne saka kom det opp framlegg om å kjøpa inn eit halvt klassesett med salmebøker til Jondal skule. Dette vil verta eige sak på neste soknerådsmøte.

Sak 19/2024 Sak komen inn: håndtak i bråtet ned til kyrkjegarden og tilgang på rullestol.

Maria E. Sørheim skal spørja om Vikevollen har ein rullestol til låns. Ho skal også høyra med kyrkjevevja korleis det kan ordna seg med eit rekkverk ned til kyrkjegarden.

Sak 20/2024 Sommaropen kyrkje, informasjon om moglegheiter

Grunna krav frå forsikringsselskapet kan ein ikkje lenger ha ope kyrkje utan at der er vakt tilstades.

Anne Karin Stormyr skal ta dette opp med kyrkjevevja på stabsmøte 30.mai. Maria E. Sørheim informerer soknerådet om endeleg avgjerd.

Sak 21/2024 Kyrkjevertliste og offerliste haust 2024

Kyrkjevertlista for hausten 2024 er enno ikkje komplett. Eli G Torsnes arbeider vidare med denne.

Offerlista for hausten 2024 vart godkjent med ei endring. Offeret 20.oktober -24 skal gå til TV-aksjonen 2024

Sak 22/2024 Soknerådet frå haust 2024

Maria E. Sørheim går ut i permisjon 1.juli. Trygve B. Myrli vert då leiar av Jondal sokneråd. Silje- Margrete Fjærtøft vert fast medlem og Rannveig Hammer vert 1.varamann.

Sak 23/2024 Sak komen inn frå stab: utlysing av stilling ved Jondal kyrkje

Kantor orienterte om at Laila Bergsagel ikkje kjem attende etter permisjonen frå stillingane som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar. Stillingane er no lyst ut. 35 % stilling som kyrkjetenar og 45 % stilling som kyrkjegardsarbeidar.

Sak 24/2024 Ymse

I samband med budsjettarbeidet til hausten har kyrkjevevja spurt soknerådet om å prioritera to tiltak. Det trengst diverse vedlikehaldsarbeid på kyrkja vår. Døme: vindauga i klokketårnet må skiftast, slitt golvteppe i kyrkja, kapellet treng oppvarming. Kontorbygget treng utvendig oppgradering (vask/måling/vedlikehald). Soknerådet prioriterer kontorbygget og varme i kapellet.

Kyrkjekaffi- når det skal vera kyrkjekaffi, kan kyrkjeverten invitera til dette ved utdeling av salmebøker. Viktig å ta imot "nye" i kyrkjelyden på ein inkluderande måte.

Jubileumskonfirmantar- Det har ikkje vore slik markering dei fem siste åra. Det kom framlegg om å prøva få til ei felles markering for desse (fødde 1954-58) i tillegg til dei som er 50-årsjubilantar i år. Det vert gudsteneste og kaffi og kaker på bedehuset etterpå. Maria E S høyrer med leiar i Utne sokneråd og Arne Opsahl-Engen om korleis dette kan gjerast.

Møtet slutt kl.20.00

Referent Eli G Torsnes

28.05.2024